

Saksbehandlar: Roald Breistein  
Sak nr.: 16/1691-11

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon kulturminneforvaltning

### Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen vurdere om det er tilfredsstillande, og i tråd med intensjonen i vedtaket til fylkesutvalet, at det skal ta så lang tid å få gjennomført kartlegginga av kulturminne av regional verdi.
3. Utvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018, vedlagt dei omtalte malane i punkt 2c-d.

### Vedlegg:

Rapport – status for oppfølging av forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune; FT-sak 10/17 **Feil! Fant ikke referansekilden.**

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn for saka

#### Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak FT 10/2017 i møte 24.04.2017:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen:
  - a. Gjennomføre risikoanalyse for å kartlegge om kulturminne av regional verdi eventuelt kan stå i fare for å gå tapt. Basert på ei slik analyse kan fylkeskommunen vurdere om det er kulturminne som bør følgjast særskilt opp.
  - b. Betre rapporteringa knytt til kulturminneforvaltninga for å sikre:
    - i. Informasjon om omfanget av vesentlege oppgåver fylkeskommunen eventuelt ikkje lukkast med å gjennomføre eller strevar med å gjennomføre
    - ii. Informasjon om avvik i høve til måloppnåing
  - c. Bidra til å sikre sams praksis, kvalitet og effektiv sakshandsaming ved evaluering av eksisterande malar og rutinar.
  - d. Utarbeide skriftlege rutinar som sikrar kvalitet i arbeidet med kulturminneforvaltninga
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga til kontrollutvalet innan utgangen av 2017.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Sekretariatet har motteke vedlagte notat frå fylkesrådmannen dagsett 29.01.2018 med status på forbetningsarbeidet i denne forvaltningsrevisjonen.

Sekretariatet registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført. Vi har likevel merka oss når det gjeld punkt 2a i vedtaket som gjeld kartlegging av kulturminne av regional verdi, jf. vedtak i fylkesutvalet i sak 83/17, først vil bli gjennomført i løpet av 2018/2019. Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør utfordre fylkesrådmannen på om det er tilfredsstillande, og i tråd med intensjonen i vedtaket til fylkesutvalet, at det skal ta så lang tid å få gjennomført denne kartlegginga. Vidare bør utvalet be om å få lagt fram malane som er omtalt i svaret for punkt 2 c-d.

Kontrollutvalet bør på bakgrunn av dette be om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding, vedlagt dei omtalte malane.

## **3. Konklusjon**

Det vert tilrådd at kontrollutvalet registrerer at mykje av forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga er ferdig gjennomført.

På bakgrunn av det som går fram over vert det likevel tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018.